



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Lars Kringstad, 71 25 84 50

Sunndal kommune.

Søknad om utsett byggefrist for Somrungen kraftverk. Fråsegn.

Bakgrunn

Søknaden frå Småkraft AS gjeld å få forlenga byggefristen for Somrungen kraftverk med fem år, til 01.12.2025. Bakgrunnen for dette er oppgitt at Småkraft ikkje har kunna starte utbygginga grunna mangelfullt nett i området. NVE spør om det har kome inn nye moment i saka som tilseier at fristen ikkje bør forlengast og om det er behov for nye utgreiingar.

Våre merknader

Det går fram av bakgrunnen for konsesjonsvedtaket at kunnskapen om naturmangfaldet og effektar av eventuelle påverknader vart basert på den informasjonen som vart lagt fram i søknaden, miljørapportar, høyringsfråsegner, samt NVEs egne erfaringar. NVE gjorde egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 03.11.2015. Statsforvaltaren kjenner ikkje til ny informasjon om naturmangfaldet i dette området etter dette. Likevel vil vi peike på at to av dei registrerte raudlista artane i området har blitt meir truga ifølgje raudlista frå 2021. Dette gjeld alm som er gått frå sårbar (VU) til sterkt truga (EN) og musserongvokssopp frå nær truga (NT) til sårbar (VU).

Når det gjeld kunnskapsgrunnlaget generelt for området er det tidlegare vurdert (Miljøfagleg Utredning 2010) til å vere berre middels godt. M.a. fordi området er tungt tilgjengeleg. Det blir her også peikt på at kunnskapen om virvellause dyr generelt er dårleg, ei gruppe som stadvis er knytt ein del verdiar til i dei sørvendte liene av Sunndalen (både i gamal lauvskog og opne rasmarker).

Vi registrerer også at grunneigarar i området har oversendt NVE nye avgrensingar av almeskog, svartor-sumpskog og hasselskog i nærområdet. På kva fagleg grunnlag dette er gjort kjem ikkje fram i den kopien vi har fått tilsendt. Etter det vi kan sjå vil desse areala likevel ikkje bli direkte rørt av tiltaket.

Det går fram av konsesjonsvedtaket at kraftstasjonen skal plasserast på ca. kote 140 og tunnelpåhogget ca. kote 200. Det er vidare sett som krav at plasseringa må skje slik at verdfulle førekomstar knytt til dei eldre almetrea ikkje blir rørt. Med den negative utviklinga alm har hatt blir dette enda viktigare no.

Vi føreset at dette blir fulgt opp gjennom detaljplan for miljø og landskap og at denne blir sendt oss til uttale.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.